

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - G03, TI - &01, HistSak - 09/482	16/517

Saknr	Utval	Type	Dato
099/2016	Formannskapet	PS	20.10.2016

Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendingar - prologering av avtale

Vedlegg:

Journalposttittel

Avtale om samh.pandemiske hendelser

Dato

03.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til ei prologering av «Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser», og at avtalen som er vedlagt vert vidareført fram til revisjon eller fornying.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendingar mellom sjukehusa og kommunane i Helse Bergen førtaksområde var gjeldande fram til 31.12.2015.

Fakta

Dei fire overordna samarbeidsutvala har diskutert saka og tilrådd at eksisterande avtale vert vidareført slik den ligg føre fram til ein eventuell revisjon eller fornying av avtalen.

I samarbeidsutvalet for Nordhordland var det ulike meiningar på om kommunane skulle prologere gjeldande avtale med Helse Bergen som samhandling i høve pandemiske hendingar. Samarbeidsutvalet vart ikkje samd i denne saka, og bestemte at kvar kommune står fritt til om dei vil prologere avtalen eller ikkje.

Vurdering

Samarbeidsavtalen i forhold til pandemiske hendingar mellom sjukehusa og kommunane som gjekk ut i 2015, er ikkje oppdatert i høve dagens utfordringar. For Masfjorden kommune er det likevel viktig at ein opprettheld samarbeid mellom sjukehus og kommune ved pandemiske hendingar, av

den grunn vil kommunen prolongere avtalen som den ligg føre.

Det er og viktig at det blir utarbeida ein avtale for samhandling ved pandemiske hendingar mellom sjukehusa og kommunane som er oppdatert i høve dagens utfordringar.

Konklusjon

Masfjorden kommune sluttar seg til ei prologering av *Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser*, og at avtalen som er vedlagt vert vidareført fram til revisjon eller fornying.

Formannskapet - 099/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til ei prologering av «Avtale om samhandling i forhold til pandemiske hendelser», og at avtalen som er vedlagt vert vidareført fram til revisjon eller fornying.